



## Innkalling til Formannskapet

**Møtedato:** 15.10.2014  
**Møtestad:** Formannskapssalen  
**Møtetid:** 14:00

Formannschaftsmedlemmene vert med dette kalla inn til møtet. Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melde frå så snart råd er, tlf. 56171000, slik at varamedlem vert innkalla. Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Dokument som ikkje er tilsende, kan du få kopi av på dokumentsenteret. Dokument som ikkje er offentlege, vil bli utlevert i møtet. Dersom medlemmene på førehand ynskjer å gjera seg kjend med innhaldet i desse dokumenta, er dei tilgjengeleg på dokumentsenteret.

Frekhaug Senterforening og næringsdrivande i senteret er invitert til dialogmøte med Meland formannskap.

Regionbanksjef Trygve Waage i Sparebanken Vest vil informere om banken sine planar om å leggje ned filialen på Frekhaug.

### Sakliste

Saknr	Tittel
75/2014	Godkjenning av innkalling og sakliste
76/2014	Godkjenning av møtebok
77/2014	Referatsaker
78/2014	Aktuelle saker
79/2014	Orientering av rådmannen
80/2014	Økonomisk Rapportering pr september 2014
81/2014	Overføring aksjer i Sambandet Vest AS frå Meland kommune til Nordhordland Utviklingsselskap AS
82/2014	Søknad om kjøp av fellesareal i Frekhaug senter

24. mai 2016

Nils Marton Aadland  
ordfører

Randi Helene Hilland  
konsulent

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		14/3849

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
75/2014	Formannskapet	PS	15.10.2014

## Godkjenning av innkalling og sakliste

### Saksopplysningar:

#### Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		14/3849

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
76/2014	Formannskapet	PS	15.10.2014

**Godkjenning av møtebok frå møte 24.09.14**

**Saksopplysningar:**

**Framlegg til vedtak:**

Møtebok frå møte 24.09.14 vert godkjent.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		14/3849

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
77/2014	Formannskapet	PS	15.10.2014

## Referatsaker

### Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
77/2014.1	Ny politistruktur
77/2014.2	Skatt på eige og inntekt pr 31.08.14

## Saksopplysningar:

### Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Nils Marton Aadland		14/3849

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
78/2014	Formannskapet	PS	15.10.2014

## Aktuelle saker

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit		14/3849

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
79/2014	Formannskapet	PS	15.10.2014

## Orientering av rådmannen

### Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek orienteringane til etterretning.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Per Inge Olsen	FE - 210	14/3928

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
80/2014	Formannskapet	PS	15.10.2014

## Økonomisk Rapportering pr september 2014

### Vedlegg:

1-Sum status regnsk-bud pr sept 14

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn:

Administrasjonen skal kvar måned leggje fram for formannskapet driftsrapport med økonomisk status.

#### Kommentarar til driftsrapport:

Rapport med driftsrapport med rekneskap og prognose or september 2014 følgjer i vedlegg 1.

Rapporten viser revidert budsjett for 2014, rekneskap pr september 2014 og prognose for året. Alle tenesteområda rapporterer så langt at dei ventar å halde seg innanfor driftsrammene, unnateke heimetenesta som vi legg til grunn at kjem ut kr 1 mill over ramma. Dette skuldast at ein har fått fleire nye ressurskrevjande brukarar no i haust som krev auka ressursinnsats. Det er framleis ein viss usikkerhet knytt til prognosen. Framlegg til budsjettendringar for å dekke inn evt. meirforbruk må ein komme tilbake til når ein har utreda status meir detaljert.

Sjølv om tenesteområda så langt ser ut til å kunne gå i balanse, er det likevel generelt tronge driftsrammer.

Skattingangen nasjonalt er lågare enn estimert i statsbudsjettet. Meland kommune er ein låginntektskommune som får inntektsutjamning, og vi vert difor direkte påverka av denne reduksjonen. Om utviklinga i 2014 så langt held fram, kan vi vente oss reduserte skatteinntekter og rammetilskot med netto kr 1,3 mill. Vi har ikkje fått nye skattetal for september, og det er difor nytta same grunnlagstal for skatteinngong som pr august.

Avsetning til disposisjonsfond med kr 11,9 mill er lagt inn som avsetningsutgift på finansområdet, slik at budsjettet totalt sett balanserer i null.

Statusrapport på investeringar er ikkje klar, men vert lagt fram på formannskapsmøtet.

**Framlegg til vedtak:**

Budsjettrapport med prognose pr september 2014 vert teken til vitande



# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen	FE - 026	14/1640

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
81/2014	Formannskapet	PS	15.10.2014

## Overføring aksjer i Sambandet Vest AS frå Meland kommune til Nordhordland Utviklingselskap AS

### Vedlegg:

Brev om utbetaling av rest aksjekapital Sambandet Vest as

VS Anmodning om utbetaling av rest aksjekapital, Samb.Vest AS

Overdraging av aksjar i SV frå kommunane - Austrheim - Radøy - Meland og Radøy, til Nordhordland Utviklingselskap IKS

Innbetaling av rest aksjekapital iht vedtak i generalforsamling i Sambandet Vest AS

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Sambandet Vest AS treng løpande kapitaltilførsel for å kunne drifte selskapet. På generalformalinga i 2013 blei aksjekapitalen i selskapet nedskrive til kr 0, og ny aksjekapital med til saman kr 1.600.000,- vart teikna fordelt på 160 aksjar med kvar pålydande kr 10.000,-. Av dette teikna kommunane Austrheim, Lindås og Meland seg for 90 aksjar (56,25% andel) med kr 900.000,-. Meland kommune sin andel av dette er 24 aksjar og ein kapital på kr 240.000,-.

Halvparten av kapitalen vart skulle innbetalast i 2013 og resten i 2014. På vegne av kommunane har Nordhordland Utviklingsselskap AS betalt den delen som skulle betalast i 2013, dvs. kr 450.000,-, basert på at dei skal få overdratt tilsvarende andel av aksjane. Generalforsamlinga i Sambandet Vest AS vedtok såleis på møtet den 24. juni 2014 overdraging av 45 aksjar frå Austrheim, Radøy, Meland og Lindås kommune til Nordhordland Utviklingsselskap AS. Meland kommune eigde formelt før dette 24 aksjar pålydande kr 10.000,- kvar. For Meland inneber dette at vi overdreg 12 aksjar av kr 10.000,- til utviklingsselskapet. Overdraginga skjer til pålydande. Meland kommune må gjere vedtak om godkjenning av denne aksjeoverdraginga.

Opgjeret for aksjekjøpet er allereie skjedd i og med at Nordhordland Utviklingsselskap AS i 2014 betalte Meland sin andel av aksjekapitalen.

Meland kommune sit etter dette igjen med 12 aksjar a kr 10.000,- som ref. vedlagte skriv «Utbetaling av rest aksjekapital vedteken på generalfors. Juni-2013» frå Sambandet Vest AS (ikkje datert) skal innbetalast i løpet av 2014. Meland kommune har i 2014 budsjettert med dette kapitalinnskotet.

Videre kapitaltilføring til Sambandet Vest AS må ein kome tilbake til i budsjetthandsaminga for 2015. Ein treng avklaring av kort stort behovet for kapital er og når det er trong for meir kapital.

**Framlegg til vedtak:**

1. Meland kommune godkjenner at 12 av aksjane som kommunen eig i Sambandet Vest AS vert overdratt til Nordhordland Utviklingsselskap AS i samsvar med vedtak i generalforsamlinga i Sambandet Vest 24. juni 2014. Kommunen er etter dette eigar av 12 aksjar i Sambandet Vest AS. Oppgjer for aksjane, kr 120.000,- vert å motrekne same beløp som Nordhordland Utviklingsselskap AS har forskotsbetalt for aksjane som kommunen erverva i 2013.
2. Kommunen betalar inn rest aksjekapital kr 120.000,- til Sambandet Vest ihht. budsjett for 2014.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Erik Knag Johannesen	FE - 611, TI - &50	14/3617

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
82/2014	Formannskapet	PS	15.10.2014

## Søknad om kjøp av fellesareal i Frekhaug senter

### Vedlegg:

Søknad om erverv av fellesareal i Frekhaug senter

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

B. Hagen eiendomselskap AS har i brev til Meland Utbyggingselskap datert 28.08.14, bedt om å få kjøpe 40-50m<sup>2</sup> av fellesarealet i Frekhaug senter.

Den aktuelle delen av fellesarealet, GBnr. 23/490 ligg rundt eigedomen GBnr. 23/135, sjå også vedlagt søknad med kartskisse.

I følge søkjar, er det ekstra arealet naudsynt for å kunne få til tekniske løysingar ein ynskjer seg i samband med oppgradering av bygningen.

Saka har vore oppe til behandling i Frekhaug senterforening styre, den 26.08.14. Det var då ingen innvendingar til planane.

### Vurdering.

Det aktuelle tilleggsarealet er lite og i en naturlig tilknytning til eksisterande bygg. Endringane vil truleg ikkje påverke ferdsel på fellesarealet.

### Konklusjon

Administrasjonen er positiv til søknaden.

### Framlegg til vedtak:

Meland kommune vil i Frekhaug senterforening stemme for at B. Hagen eiendomselskap AS får kjøpe areal i samsvar med søknad.